

Anne Kristine Lehmann
Eidavegen 561
5993 Ostereidet

Vidar Lehmann
s.a.

Ostereidet, 23/6 2018

Planavdelinga
Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
28 JUN 2018	
Ark. saksnr. 17/3013	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Planprogram for Ostereidet

Ein syner til tidlegare motteke material og til svaret herfrå 23/2 2018, der ein utmarkstrasé vart tilrådd og grunngjeven (kopi vedlagt). Nyleg har det vore halde eit drøftingsmøte mellom oppsitjarar og kommunen. Innbydinga kom i posten same dagen som møtet var halde og vart opna for seint på dagen til at det kunne stillast opp. Difor veit vi heller ikkje kva som kom fram på møtet.

Vi vonar framleis at avgjerda vert å nytta utmarkstraséen som hovudsamband mellom planområde 1 og 2. For noko blir bestemt vil det uansett koma vel med å kjenna til kritiske punkt langs den noverande bygdevegen. Det som gjeld kulturlandskap og trafikktyngd er nemnt i det førre brevet.

I tillegg kjem praktisk-tekniske utfordringar. Ei av desse gjeld den del av bygdevegen som soknar til eigedomen vår, Eidavegen 561, som ligg på nedsida av vegen. Skal denne vegen utvidast kjem fleire tilhøve i beknip, både for oss og truleg òg for dei som bur eller brukar areal på oppsida.

Å gå detaljert gjennom dette i brevs form vil føra for langt. Nøkkelord er bratte avkjørslar til bustader, tre planlagde nye byggetomter, avrenning av vatn frå vel 200 meter av bygdevegen og frå områda ovafor, ei utløe, eit anneks, eit gammalt steingjerde tett opp til vegen, ein Elvestad-vassleidning i ei grøft under noverande, no 100 år gamle vegtrasé, og anna. På grunn av nokre av desse tilhøva og av andre, har fartsgrensa i området dei siste åra vore 30 km/t, men vert dverre ofte ikkje respektert.

Er dette traséalternativet enno ikkje lagt bort, og for at planleggjarane i så høve skal få fullgodt innsyn i tilhøva, ber vi om at det med det første blir arrangert ei synfaring på staden, der dei mest berørte er med og kan gje opplysingar.

Venleg helsing

Anne K. Lehmann
Anne Kristine Lehmann
Eigar av Eidavegen 561

Vidar Lehmann
Vidar Lehmann
Medbrukar av Eidavegen 561

Vedlegg: Skriv av 23/2 2018

Vedlegg

Anne Kristine Lehmann
Eidavegen 561
5993 Ostereidet

Ostereidet, 23/2 2018

Planavdelinga
Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Høyring i samband med planprogram for Ostereidet.

Takk for brev datert 7. februar 2018 om dette. Det er forståeleg at ein ønskjer å sjå del 1 og del 2 i samanheng. Ein har og notert at ein med tilvising til plan- og byggingslova para 12-15 undervegs ønskjer å sokja om byggeløyve for Idrettshallen.

Saka gjeld mange viktige omsyn, har perspektiv langt inn i framtida, og bør difor sjåast i ein vidare samanheng enn det høyringsdokumentet ser ut til å leggja til grunn..

For å utdjupa dette, bør ein òg ta eit raskt blikk attende. Då traséen for E-39 på slutten av 1980-talet vart vurdert, valde ein til slutt det såkalla utmarksalternativet. Grunngjevinga var at ein ville spara dyrka jord og kulturlandskap for eit stort inngrep, og i staden opna for framtidig utbygging av nye område i ubygt utmark.

Det opphavelege framlegget, som gjekk på å leggja E-39 gjennom etablerte landbruk-, kulturlandskap- og bustadområde vart difor endra. Mellom mykje anna unngjekk ein at ein stor del av tre svært gamle steingardar måtte rivast.. Ein av dei er den om lag tusen år gamle steinmuren mellom Ytre og indre Eide. Det einaste som den gongen måtte rivast var ei ubrukt utløe på Leitet og ei på Askvik.

Det noverande planprogrammet, så vel for del 1 som del 2, bryt på fleire punkt med ein slik tankegang. Det store utmarksområdet som vart opna for framtidig utbygging langs E-39 er til no ikkje nytta. I staden planlegg ein å skjera seg vidare inn i dei områda som ein i si tid såg det som avgjerande viktig å verna.

Utmarksområdet aust for skulen på Indre Eide som er tenkt som framtidig bustadfelt er heller ikkje inkludert i det ein no planlegg å regulera. Blir dette noko av, vil det få store konsekvensar for korleis infrastrukturen, mellom anna vegutløysinga, vert utforma.

I staden for her og no å gå inn på einskildelementa i høyringsnotatet, vil ein fremja ein alternativ strategi:

På toppen av Eidaleitet bør det først som sist planleggjast ei ny rundkøyring, om naudsynt i to plan. Ein bør sjå føre seg at det kjem sidelaup nordover til Stranda, utmarksområda i nordvest, senteret i områdeplan 1), noverande bygdelag og senterområdet i planen sin del 2, irekna Idrettshallen og det ovannemnde nye bustadfeltet.

Vegen mellom rundkøyringa og senterområde 2 bør leggjast innover parallelt på sørsida av noverande E-39, der ein i det noverande planverket ser føre seg ein gang- og sykkelveg. Eit par hundre meter før Bjørsvik-tunnelen bør vegen svinga av og ned mot området ved den påtenkte idrettshallen. Her trengst mellom anna ein ny, stor parkeringsplass. Før ein kjem så langt ned bør det leggjast inn ei avkjøring til det planlagde nye bustadområdet. Same traséen kan samstundes tena som ny vegløysing

for dei eksisterande bustadfelta i nærområdet og for kyrkje, skule og barnehage I ein slik trasé treng det ikkje gå med nemnande innmark, i høgda deler av ei treningsbane for hestar.

Noverande trasè mellom Leitet, Lindstallen og vidare innover mot planområde 2 bør utvidast nok til m.a. å gje betre rom for gang- og sykkelsti. Skjer det meste av utvidinga mellom Leitet og Lindstallen på oppsida av vegen, kan ein samstundes leggja straumleidningane i kabel langs grøfta. Å nyitta denne traséen (gamlevegen) som hovudveg mellom planområde 1 og indre del av planområde 2 bør gjevast opp. Denne vegen kan likevel nyttast som mellombels trasé for ekstratrafikken i samband med bygginga av Idrettshallen.

Denne strategien ivaretok ønsket om å vera eksisterande innmark, kulturlandskap og bygningar, og vil samstundes gje god samanheng mellom dei to senterområda. Rett lagd, vil rundkøyringa på Eidalenget øg opna for framtidig utbygging av deler av utmarka nord for noverande E-39, og eventuelt øg for ei framtidig tilknyting til ein ny E-39 trasé.

Med venleg helsing

Anne Kristine Lehmann
Eigar av Eidavegen 561

Vidar Lehmann
Medbrukar av Eidavegen 561